

BACHELOROPPGÅVE

Korleis har eit synleg barnevern i barnehagen tyding for meldingspraksisen?

av

Kandidatnummer 217

Marie Bukholm

How has a visible child welfare in the kindergarden importance for the message practice?

Barnevernspedagogikk

BSV5-300

Mai 2014



Innhald

Innhald.....	1
1.0 Innleiing	1
1.1 Problemstilling og relevans	1
2.0 Metode og kjeldekritikk	2
3.0 Juridiske rammer for samarbeid mellom barnevern og barnehage	5
4.0 Tverrfagleg samarbeid.....	6
5.0 Tidlegare forskning om kva som hemmar samarbeid mellom barnevern og barnehage	7
6.0 Kjennskap til kvarandre og verkelegheitsbilde	10
7.0 Tiltak som kan fremje betra samarbeid mellom barnevern og barnehage	12
7.1 Samarbeidsgruppe	12
7.2 Leiing og fast kontaktperson	14
8.0 Avslutning	17
Litteraturliste	18

1.0 Innleiing

I denne oppgåva skal eg skrive om samarbeid mellom barnevernet og barnehagane. Når eg skriv barnevernet, meiner eg den kommunale barneverntenesta. For at barnevernet skal kunne gjere jobben sin, er dei avhengige av bekymringsmeldingar frå barnehagar, skule, helsestasjon og andre etatar og privatpersonar. Bekymringsmelding vil seie at offentlege organ eller privatpersonar varslar barnevernet dersom dei er uroa for eit barn sin omsorgssituasjon, åtferda til barnet, eller andre faktorar som gjer ein bekymra. Eg ynskjer å belyse viktigeita av godt samarbeid mellom barnevernet og barnehagen. For å belyse tema og finne svar på oppgåva har eg valt litteraturstudie for å samle inn forskning på området. Barnevernet har strenge juridiske rammer som må følgjast og krav som skal oppfyllest. Å få meir kunnskap om barnevernet ut i samfunnet, trur eg vil minke terskelen for å samarbeide med barnevernet, og å melde ifrå om si bekymring. Av den grunn vil eg begynne med barnehagane, ein av dei fyrste instansane som møter barna, etter heimen.

1.1 Problemstilling og relevans

Eg har danna følgjande problemstilling:

" Korleis har eit synleg barnevern i barnehagen tyding for meldingspraksisen"?

Tema samarbeid mellom barnehage og barnevern, med fokus på ein forbetring av meldingspraksisen, er relevant fordi i følge statistikk gjekk over 90% av alle norske barn i aldersgruppa 1-5 år, i barnehage ved utgangen av 2013. 92% av desse barna hadde ei avtalt opphaldstid på 41 timar pr. veke, eller meir (ssb.no, 2013). Personalet i barnehagen ser barna opptil ni timar om dagen, dei blir godt kjende med barna, og dei har eit samarbeid med foreldra. Dei har moglegheit til å gi beskjed tidleg, slik at ein kan minske faren for langvarige mein og skadar hjå barnet. Dette gjer barnehagen til ein av barnevernet sine viktigaste samarbeidspartnarar. I mi tid i praksis i ei kommunal barnevernsteneste fekk eg sjølv oppleve kor viktig eit godt samarbeid er, ikkje berre mellom barnehagen og barnevernet, men alle instansar som har med barn og unge. På eit samarbeidsmøte med barnehagen merka eg distansen barnehagen hadde til oss i barnevernet. Formålet med samarbeidsmøtet, frå barnevernet si side, var å drøfte anonyme saker barnehagen kom med, drive litt rettleiing i den grad det let seg gjere og være ei hjelpande hand. Etter mi oppfatning var det ikkje slik barnehagen såg på det. Dei tilsette kom inn og var nervøse for møte, fortalte dei ville ha det fort overstått, og dei frykta dei gjorde ting verre ved å seie noko til barnevernet. Under møte fekk eg vite at denne barnehagen ikkje har meldt inn ei bekymringsmelding til barnehagen dei siste 15 åra. Det uroa meg med tanke på at fleire av barna som me hadde sak på, som skulen

eller andre hadde meldt sin bekymring om, har gått i denne barnehagen. Eg undersøkte vidare og ville finne ut om det var slik i andre barnehagar og, eller dette var unikt for akkurat denne barnehagen. Svaret eg fann var at fleire ulike barnehagar i ulike delar av landet, hadde det på same måte som "min" barnehage. Tre prosent av uromeldingane til barnevernet kjem frå barnehagen. Det låge talet har vekt mistanke om at barn ikkje får hjelp fordi førskulelærarar er usikre i sitt samarbeid med barnevernet og har for lite kunnskap om utsette barn (Backe-Hansen, 2009). Ein ting er at talet er tre prosent når utgangspunktet er barn mellom 0 og 18 år, men dersom ein berre tek med barn i barnehagealder, aukar talet meldingar frå barnehagane til knapt 15%. Dette syner oss at barnehagane melder for lite, og at det synes å være førskulelærarane si skuld (Backe-Hansen, 2009).

I løpet av mine tre år på barnevernstudiet har eg lært mykje om at tidleg intervensjon hjelper og er viktig. Eg ynskjer med denne oppgåva å diskutere kva ein kan gjere for å "ufarleggjere" barnevernet ovanfor barnehagetilsette, og auke bevisstheita kring kor viktig det er med eit godt samarbeid mellom barnevern og barnehage, slik at barn som treng hjelp skal få rett hjelp til rett tid.

Eg startar med problemstilling mi, og relevansen den har for mi utdanning. I kapittel 2 vil eg seie litt om kva metode eg har brukt i oppgåva, og kort om nokre kjelder og kjeldekritikk. I kapittel 3 vil eg ta for meg dei juridiske rammene for samarbeid mellom barnevern og barnehage og i kapittel 4 seier eg noko om tverrfagleg samarbeid. I kapittel 5 tek eg for meg tidlegare forskning på området og i kapittel 6 presenterar eg mitt teoretiske perspektiv som er verkelegheitsbilde, kor viktig kjennskap til kvarandre sin yrkespraksis er, og korleis dette pregar verkelegheitsbilde. Kapittel 7 handlar om tiltak som kan fremje samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet. Til slutt konklusjon, og kva som kunne vore interessant å sjå meir på i vidare forskning.

2.0 Metode og kjeldekritikk

Ein metode er ein reiskap som kan nyttast for å skaffe informasjon om eit bestemt fagområde. Metoden hjelper meg å samle inn data, altså informasjon som eg treng for å kunne svare på oppgåva (Dalland, 2012). Det er vanleg å skilje mellom to hovudmetodar, kvalitativ og kvantitativ. Den kvantitative metoden gir data i form av målbare data, og kvalitativ metode tek sikte på å fange opp meiningar og opplevingar som ikkje let seg måle eller talfeste. Begge metodane bidreg på kvar sin måte til ei auka forståing av det samfunnet me lever i, og korleis

enkeltmenneske, grupper, og institusjonar handlar og samhandlar. På data som henholdsvis vert samla inn ved hjelp av kvantitativ eller kvalitativ metode, vert det enkelte gangar brukt "merkelappar" som "harde", og "mjuke" data. I tråd med dette vert forskarar som nyttar kvantitative data, like karikert som "teljarar", medan dei som brukar kvalitative data, vert kalla "tolkarar". Forenkla sagt, seier det noko om både dei dataene og dei arbeidsmetodane som karakteriserar de ulike tilnærmingane. Samtidig må me vere klar over at kvalitative undersøkingar også er element av kvantifisering, og fleire kvantitative forskarar tolkar materialet sitt. Hovudforskjellen på dei er knytt til måten data vert samla inn på (Dalland, 2012). Eg har nytta litteraturstudie i denne oppgåva, det vil seie ein systematisk gjennomgang av forskingsartiklar, bøker og anna fagstoff omkring tema eg har valt å skrive om. Grunnen til at eg valte litteraturstudie, var fordi det er gjort ein del forskning på området, og eg fant mykje gode forskingsartiklar og fagbøker om temaet.

For å orientere meg i kva for type forskning som er gjort på samarbeid mellom barnehage og barnevern, og kva bøker som er skreive om det, har eg brukt ulike databasar via biblioteket på skulen. Eg har søkt etter forskingsartiklar i ulike databasar, som Bibsys ask, Idunn og Google Scholar. Søkeorda eg brukte i databasane som førte fram til den litteraturen eg brukar i oppgåva er: samarbeid, barnevern (AND) barnehage, barnehage (AND) samarbeid, Barnevern (AND) samarbeid. Eg fant to gode artiklar, ein skreive av Elisabeth Backe-Hansen og ein av Bergljot Baklien. Artikkelen til Backe-Hansen har ho skreive på oppdrag i frå Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Barne- og likestillingsdepartementet. Elisabeth Backe-Hansen er utdanna Psykolog, og er ein av dei forskarane i Noreg som skriv mest om barnevernsfaglege spørsmål. Hennar forskingsinteresse er barn og unge i barneverntiltak, særleg dei som er plasserte utanfor heimen. Vidare opptek ho seg av spørsmål knytt til å inkludere barn i forskning. Backe-Hansen er tilsett ved Høgskolen i Oslo og Akershus, institutt NOVA, Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, der ho er under avdeling barndom, familie og barnevern. Ho er ei truverdig kjelde då ho har skreive fleire artiklar innanfor det barnevernsfaglege feltet, og har ei god utdanning som er relevant. At ho har skreive artikkelen på oppdrag i frå Kunnskapsdepartementet er med på å styrkje ho som ei god kjelde. Eg vil bruke hennar artikkel til å finne ut kva som hemmar samarbeid, samt støtte opp om dei tiltaka som eg kjem med på slutten av oppgåva.

Bergljot Baklien er utdanna cand. sociol. frå universitetet i Oslo i 1971. Ho har vore prosjekttilsett ved SIFA på 1980-talet, førsteamanuensis ved institutt for sosiologi, Universitetet i Oslo 1990-1994, og forskar ved Norsk institutt for by- og regionforskning

(NIBR) 1995-2004. Dei siste 30 åra har Baklien primært arbeida med prosessorientert evalueringsforskning av tiltak innan sosial-, kultur og utdanningssektoren. Artikkelen til Baklien byggjer mykje på artikkelen til Backe-Hansen, og det Baklien har funne ut i si undersøking er med på å støtte opp om det Backe-Hansen seier. Eg vil bruke artikkelen til Baklien for å støtte opp om dei ulike teoriane som hemmar samarbeid, og være bakteppe for nokre av tiltaka eg ynskjer å setje inn.

Nokre av bøkene eg har lagt mest vekt på i oppgåva er boka til Kari Galvin og Bodil Erdal. Dei har skreve om kor viktig tverrfagleg samarbeid er for best moglege oppvekstvilkår for barn og unge, samt korleis ein kan gi hjelp før alvorlege problem vert utvikla. Kari Galvin er tilsett ved Høgskulen i Oslo og Akershus, jobbar som første amanuensis og er utdanna spesialsjukepleiar. Bodil Erdal er og tilsett ved høgskulen i Oslo og Akershus og jobbar som Høgskulelærer. Ho er utdanna sjukepleiar, med master i helse og empowerment. Boka deira er med på å gi eit heilskapleg perspektiv på tverrfagleg samarbeid, og eg brukar boka i fleire samanhengar. Både ved å presentere kva tverrfagleg samarbeid er, men og kva som hemmar og fremmar det. Dei er ei truverdig og god kjelde då delar av denne boka er pensum på ulike utdanningar på høgskulen i Sogn og Fjordane, samt at dei byggjer boka på ulike erfaringar som er gjort i ulike kommunar.

Bok til Emilie Kinge tek for seg mage av problemstillingane som kjem til syne når fleire etatar skal jobbe saman rundt barn i utsette livssituasjonar. Kinge er utdanna førskulelærer, med hovudfag i spesialpedagogikk. Hennar bok er ei god kjelde då ho tek for seg ulike faktiske hendingar som har hendt ute i praksisfeltet, og byggjer boka på det. Eg brukar boka for å seie litt om kva som er med på å hemme samarbeid mellom barnevernet og barnehagen.

Eg nyttar ei bok om leiing i oppgåva mi, skreve av Odd Nordhaug. Nordhaug var tilsett ved norsk handelshøgskule, og jobba som professor ved institutt for strategi og leiing. Han var utdanna siviløkonom med cand.mag. frå universitetet i Bergen. Han er ei truverdig kjelde då han har skreve meir enn 200 vitenskaplege artiklar, 40 bøker, og han har erfaring frå ulike styresverv under Norges Forskningsråd og frå ekspertgrupper under EU- kommisjonen. I si bok beskriv han korleis leiing er med på å skape felles mål og eit godt samarbeid, og det er i denne samanhengen eg brukar boka.

Vidare i oppgåva vil eg gi ei lita innføring i dei rettslege rammene kring barnevern og barnehage, kva dei har rett på og kva plikter dei ha. Dette for å gi lesaren eit betre utgangspunkt for å lese oppgåva.

3.0 Juridiske rammer for samarbeid mellom barnevern og barnehage

I følge barnehageloven § 1 og 2 skal barnehagane samarbeide med heimane til barna og ivareta barn sine behov for omsorg, oppdraging og læring. Barnehagane skal i trygge, men samtidig utfordrande omgivingar, gi barn moglegheit for leik, livsutfolding og meningsfylte aktivitetar og opplevingar. Innhaldet til barnehagen skal i følge rammeplan være allsidig og variert, og skal utformast slik at kvart enkelt barn får erfaringar og opplevingar som støttar det sin utvikling av kunnskapar, ferdigheiter og haldningar. I tillegg til å leggja tilrette for eit allsidig aktivitetstilbod knytt til dei spesifikke innhaldsområda som rammeplanen beskriv, skal barnehagen byggja vidare på det kunnskapsgrunnlaget som barnet kjem til barnehagen med, og dei skal leggja tilrette for eit allsidig aktivitetstilbod (Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, 2009).

Barnevernstenesta er bygd opp kring barnevernlova av 1992. Barneverntenesta si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, jf. barnevernlova § 1-1 (Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, 2009). I dette ligg det eit prinsipp om tidleg intervensjon, det vil seie at barnet skal sikrast hjelp så tidleg som råd, for å unngå varige skader (Baklien, 2009). I § 3-1 *Barnevernets førebyggjande verksemd*, står det at kommunane skal følgje nøye med i dei forhold som barn lev under, og har ansvar for å finne tiltak som kan førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Barneverntenesta har og spesielt ansvar for å søke avdekt omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan unngåas, og setje inn tiltak i forhold til dette. Tilsette i barnevernstenesta sit på kontor, og har lite oversikt over korleis barn og unge i barnehagane rundt om i kommunen har det. Av den grunn er dei avhengig av å få inn bekymringsmeldingar på barn slik at dei kan gjere den jobben dei skal. I barnevernlova § 3-2 *samarbeid med andre delar av forvaltningar*, står det at barnevernstenesta skal medvirke til at barn sine interesser skal takast ivare også av andre offentlege organ (lovdata.no, 1992). Barneverntenesta skal samarbeide med andre sektorar og forvaltningsnivå når dette kan bidra til å løyse oppgåva som den er pålagt etter denne lova. Som ledd i desse oppgåvene skal barnevernstenesta gi uttale og råd, og delta i den kommunale og fylkeskommunale planleggingsverksemda og i dei samarbeidsorgan som vert oppretta.

Tilsette i barnehagane har plikt til å melde i frå til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn vert misshandla i heimen, eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt. Eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsproblem. Dette kjem fram av Lov om

barnehager, 17 juni. Nr. 64. 2005. Kapittel 6. Forskjellige bestemmingar. §22.

Opplysningsplikt til barnevernet (Lovdata, 2005). Eg har fått inntrykk av at enkelte tenkjer at ein må være heilt sikre eller har bevis for å melde frå om si bekymring til barnevernet. Dette er ikkje riktig. Dersom du er bekymra for at eit barn vert utsett for mishandling eller anna form for omsorgssvikt, har du plikt å melde i frå til barneverntenesta. Vidare er det barnevernet si oppgåve å undersøkje saka og skaffe eventuelle bevis eller anna dokumentasjon (Lilleberg og Rieber-Mohn, 2010).

No har eg lagt fram dei juridiske rammene for samarbeid mellom barnehage og barnevern. Vidare vil eg skrive om kva tverrfagleg samarbeid er, og kva som er med på å gjere eit tverrfagleg samarbeid nyttig.

4.0 Tverrfagleg samarbeid

Kva veit me om tverrfagleg samarbeid, om kva som hemmar og fremmar det? Når fleire yrkesgrupper arbeidar saman på tvers av faggrensene for å nå eit felles mål, vert det kalla tverrfagleg samarbeid (Galvin og Erdal, 2013). Det vil seie at dersom ein saksbehandlar i barnevernet, som har barnevernsfagleg utdanning, skal samarbeide med ein pedagog i barnehagen, som har barnehagelærer faget som kompetanse, vert dette eit tverrfagleg samarbeid. Det vert peika på av fleire sentrale dokument at det er eit sterkt behov for å styrkje det heilheits lege perspektivet på oppvekstvilkår for barn og ungdom. Samhandlingsreforma fokuserar på kommunane sitt ansvar for ei heilskapleg tenking med førebygging og tidleg intervensjon. Kommunane bør sjå helse- og omsorgssektoren i samanheng med dei andre samfunnsområda, og sjå nytten i og bruke heile spekteret av ulike fagpersonar. Ut ifrå dette kan ein evne å utvikle ei samla teneste der ein brukar dei faglege eigenskapane og tek nytte av fortrinna i dei enkelte gruppene (Galvin og Erdal, 2013). Det totale oppvekstmiljøet for barn og unge vil verte sikra og styrka dersom alle som arbeidar med og for barn og unge samarbeidar, både seg i mellom og med barn og unge og deira familiar. Involverte partar kan då dele sin kompetanse med kvarandre, både om fastsette mål, og arbeidet for å nå dei. I følgje Galvin og Erdal (2013) er det fleire suksessfaktorar for eit godt tverrfagleg samarbeid. Planane som barnehagen og barnevernet vert einige om, må forankrast i kommune planen, og ikkje være avhengige av enkeltpersonar for at dei skal verte ført vidare. Alle samarbeidspartnarane må være bevisste på kva dei ynskjer å oppnå med samarbeidet, og ut i frå det lage ei felles målsetting for samarbeidet. Barnehagen og barneverntenesta kan få eit realistisk syn på samarbeidsmoglegheitene, dersom dei får kjennskap til kvarandre sitt

fagområde, og på den måten får innsyn i kva dei andre har å bidra med i samarbeidet. Ein kan bidra til å redusere arbeidsmengda til kvar enkelt aktør, dersom ein ser nytten av kvarandre sin kompetanse og ut i frå det fordel ansvar og oppgåver. Ein må i fellesskap opparbeide ei felles forståing for kva som er det viktigaste oppgåvene, og korleis ein skal løyse desse. Ved å ha ein open dialog om korleis væremåten til barnehagen og barnevernet er med på å hemme og fremje samarbeidet, er med på å skape tryggleik i den tverrfaglege gruppa. Når ein arbeider i et tverrfagleg team, må ein utveksle kunnskap om kvarandre, både kvarandre sine rollar og ansvarsområde. På den måten kan ein utnytte den kompetansen dei saman sit med (Galvin og Erdal, 2013). Tverrfagleg samarbeid er med på å betre kvaliteten på den hjelpa som barn og unge får, samtidig som det er med på å auke kunnskap og kompetansenivået hjå dei ulike yrkesgruppene. Eriksen og Germeten (2012) spør om tverrfagleg samarbeid er valfritt? Grunn for at dei stiller spørsmålet er fordi profesjonar som barnehagelærarar og sosialarbeidarar ikkje kan velje om dei skal samarbeide med barn, foreldre eller andre instansar og institusjonar. Det er i deira ansvar og samfunnsmandat. Dei trekk og fram artiklar der det står skreve at: i eit moderne samfunn er tverrfagleg samarbeid ein nødvendighet. Dei ulike faga vert stadig meir og meir spesialiserte. Dette fører med seg at den enkelte fagperson stadig veit meir om mindre. Dette medfører eit tomrom mellom specialistane, og det er her tverrfagleg samarbeid kjem inn. Tverrfaglegheit skal ikkje tre inn i staden for, men skal utfylle spesialitetane. Tverrfaglegheit stiller krav om at ein må utvikle kompetanse ved å søke til sidene i sirkelen av alle relevante fag. På den måten kan ein forhindre at noko viktig forblir upåakta eller uløyst. Barnehagelærarane og tilsette i barnevernet har ulike løysingar på eit og same problemet. Dei skil seg i frå kvarandre fordi dei har ulike måtar å anlegga synspunkt på, og brukar ulike metodar til å undersøke verkelegheita. Ein opnar opp for ein meir heilskapleg forståing av det ein arbeidar med, ved at ein arbeidar saman (Eriksen og Germeten, 2012).

Eg har no presentert kva tverrfagleg samarbeid er og kva nytte det har. Vidare vil eg ta for meg tidlegare forskning på kva som hemmar samarbeid mellom barnevern og barnehage. Denne forskinga byggjer opp under min argumentasjon på kva tiltak eg ynskjer å fokus på i kapittel 7.

5.0 Tidlegare forskning om kva som hemmar samarbeid mellom barnevern og barnehage

I Storbritannia er det gjort ei vid undersøking kring faktorar som hemmar og fremjar tverrfaglegesamarbeid. Resultata av denne forskinga var like som resultata som kom frå same

type undersøking gjort i Noreg (Kinge, 2012). Dette tykkjer eg syner at problemet ikkje berre er i Noreg, og i ei avgrensa gruppe, men ei utfordring som må takast på alvor frå sentralt hald. Av artiklane kom det fram at manglande system for deling av informasjon, svak leiing, mangel på opplæring og ulike yrkesmessige kulturar i tenestene, hindrar godt samarbeid. Vidare refererer Kinge (2012) til studiar som peikar på at fleire kommunetilsette opplever at samarbeidet vert hemmande, då det er mangel på klare, formaliserte retningslinjer om kva rolle den enkelte skal ha i ulike fasane av ei sak. Mellom barnehagen, barneverntenesta, PPT og helsestasjonen er det i dei fleste kommunar eit samarbeidsteam/SOSPEDteam og i dette vil det delta fagpersonar med ulik yrkesutdanning. Ulike verdiar, normer, fagsyn og problemoppfatning kan av den grunn lett hemme samarbeidet. Samarbeidet vert også hemma av at dei tilsette i ulike tenester har for lite kunnskap om kvarandre sin kompetanse og faglege tradisjonar, samt at lovverket ikkje gir tydelege instruksjon om kven i det kommunale tenesteapparatet som har ansvar for kva. Dette kjem fram av fleire rapportar (Kinge, 2012).

Bache-Hansen (2009) skriv i sin artikkel at via intervju og spørjeskjema gitt til barnehagetilsette, kjem det fram at barnehagepersonale ofte ikkje melder frå om si bekymring for eit barn til barneverntenesta, grunna den ikkje er alvorleg nok. Ein vurderar andre type hjelpeinstansar, som PPT og helsestasjonen, i staden for å melde i frå til barneverntenesta. Over halvparten av styrarane i undersøkinga til Backe-Hansen (2009), viser til at det er vanskeleg å vite om barnevernet er rette instans å søke hjelp hjå. Dette er og med på å gjere det vanskelegare å melde frå om ei bekymring. Kvifor er det slik? Sidan eg byrja studere barnevernspedagogikk, har mi forståing kring barneverntenesta vore at det er ein hjelpeinstans på lik linje med andre samarbeidspartnarar for barnehagen. Etter mi oppfatning er dette ein haldning som har følgt barnevernet over ei lengre periode, og det er eit klart signal om at informasjonen kring kva barnevernet er, må aukast. Vidare skriv Backe-Hansen (2009) at barnehagepersonalet er bekymra for korleis samarbeidet med foreldra til det eventuelle barnet vert etter ei bekymringsmelding. Dei fryktar i verste fall at foreldra tek barnet ut av barnehagen. Og dersom personalet i barnehagen bekymrar seg for korleis det skal gå med barnet dersom det ikkje får gå i barnehagen, vil dette sjølvsagt ha innverknad på om dei melder i frå eller ikkje. I tillegg til dette peika fleire tilsette i barnehagen på at dei hadde lite kjennskap til dei tilsette i barneverntenesta. Dei har tidlegare hatt dårlege opplevingar angående samarbeidet med barneverntenesta, og har av den grunn manglande tillit til at barneverntenesta kan gi god nok hjelp og peikar på at det er lettare å samarbeide med andre hjelpeinstansar (Bakce-Hansen, 2009). Mistilliten som Backe-Hansen(2009) nemner, tek

Baklien(2009) og opp i sin artikkel. Denne mistilliten er av tre slag. Ho skriv at barnehagen opplever barnevernstenesta som eit lukka system. Dette kan eg godt forstå, då barnehagen har plikt til å meddele alt av informasjon dei har knytt til ei sak, i følge § 6-4. *Innhenting av opplysingar*. Men i følge lova har dei ikkje krav på noko anna informasjon frå barnevernet, ant enn svar på om det vert oppretta undersøking eller ikkje. Dette kjem fram av § 6-7 a. *Tilbakemelding til meldar, i barnevernlova (Lovdata, 1992)*. Det andre er knytt til at dei gjer for lite, at dei føler det som lite nyttig å søke hjelp der. Tredje grunn til mistillit går ut på at barneverntenesta gjer for mykje, at deira problemløysingar er for drastiske. I forhold til dei to siste punkta stiller eg meg litt uforståande. Det kjem fram at barnehagepersonalet meiner barneverntenesta gjer for lite, og dersom dei gjer noko vert det for drastisk. For meg kan dette tyde på at dei tilsette i barnehagen har lite kunnskap om praksisen til barnevernet, om arbeidsoppgåver som barnevernet har og lover som dei er pålagt å følge.

Frå barnevernet si side kan manglande ressursar gjere det vanskeleg å følgje opp konkrete saker og å bruke tid på samarbeid. Baklien (2009) skriv at barnehagen unngjekk å melde frå om sine bekymringar rundt barn, grunna dei opplevde barnevernet som pressa på grunn av lite ressursar og mange saker. Grunn til at dei trudde det var at dei hadde høyrte det frå ulike kantar, og ikkje minst det at barnevernet sine manglande ressursar hadde komme fram i lokale medium. Fleire hadde eit bilde av at barnevernet var overarbeida, og det gjorde terskelen for å ta kontakt ekstra høg. Enkelte utdjupa denne forklaringa med at barnevernet framstod som utilgjengeleg, og at å ta kontakt med dei var vekk kasta tid (Baklien, 2009). Fleire studiar viser og at for streng tolking av teieplikta frå barnevernet si side, kan hindre samarbeid med barnehagen. Barnehagen opplev at samarbeidsbarrierar også kan være fysisk. Det at barnehagen ikkje har eit ansikt eller namn på nokon i barnevernstenesta, gjer at dei opplev terskelen for å ta kontakt som høg (Baklien,2009).

Det kjem fram ulike faktorar som hemmar samarbeid. Spesielt viser denne forskinga at barnehagen og barnevernet har lite kunnskap om kvarandre og kvarandre sine arbeidsoppgåver og at dei er usikre i forhold til kvarandre. Det kjem og fram at barnevernet og barnehagen har ulike førestillingar om korleis dei andre er, og det fører til eit negativt bilde av kvarandre. Det er dette eg vil ta for meg vidare i mi oppgåve, då dette får fram kor viktig det er med eit synleg barnevern. Eg vil presentere mitt teoretiske perspektiv, som er verkelegheitsbilde og seie litt om sjølvoppfyllande profetiar. Eg stiller meg spørsmålet "kvifor har verkelegheitsbilde så stor innverknad på samarbeidet mellom barnevernet og barnehagane"?

6.0 Kjennskap til kvarandre og verkelegheitsbilde

Ut i frå det som kjem fram av tidlegare forskning, tolkar eg det som at barnehagen og barnevernet veit for lite om kvarandre, og at barnehagen tykkjer barnevernet er for lite synlege, og at dette er ein fellesnemnar for kva som hemmar samarbeid mellom barnevernet og barnehagen. For å kunne ha eit godt fungerande samarbeid mellom barnevernet og barnehagen, må ein ha kunnskap om kvarandre sin arbeidskvardag og arbeidsoppgåver. Noko som er med på å gi grunnleggjande rammetingingar for å få til endring, er oppfatninga av dei andre. Ut i frå kva som kom fram av forskinga, vil eg seie at me må løfte fram opplevingane barnevernet og barnehagen har av kvarandre som samarbeidspartnarar. *”For å forstå hva som vanskeliggjør samarbeid mellom barneverntjenesten og andre, er det behov for mer kunnskap om hvordan barneverntjenesten oppleves av sine samarbeidspartnere”* (Baklien, 2009, s.238) I undersøkingar gjort av Baklien (2009) kjem det fram uheldige utsagn frå både barnevern og barnehage. "slik er barnevernet" og "slik er barnehagelærarane". Eg tenkjer at når slikt blir sagt, er det god grunn til å starte ein dialog. Kva meinar vedkomande som seier det, og har han/ho tidlegare hatt dårlege erfaringar? Eg opplevde noko liknande når eg presenterte problemstillinga mi for ein person som tidlegare har jobba i barnevernet; "ja det kan jo hende me kan gjere litt, men det er barnehagen som er hovudproblemet". Det kan godt være at i akkurat det tilfelle så hadde vedkommande grunnlag for å kunne uttale seg på den måten, men eg tykkjer uansett at det ikkje er eit heldig utsegn, og at problemet ikkje vert løyst dersom ein har ei slik holdning. For at eit samarbeid skal fungere må barnevernet gå i seg sjølv; "Kva kan me gjere for at dette skal bli betre? Kan me endre noko"? Det same må barnehagen. Dersom ein ikkje er interessert i å endre/tilpasse seg sjølv, kan ein ikkje forvente at andre gjer det heller.

Alt samarbeid vert påverka av verkelegheitsforståinga som partane har, og me veit at aktøren si oppfatning av verkelegheita kan være viktigare enn korleis verkelegheita faktisk er. I det som vert kalla Thomas-teoremet har Sosiologen W.I. Thomas beskrive forholdet mellom verkelegheitstolkning og verkelegheit. "Hvis mennesker definerer situasjonen som virkelig, så blir de virkelige i sine konsekvenser" (Schieffloe, 2011, s.115). Eg oppfattar dette som at alle ikkje tolkar same situasjonen likt, og handlar ulikt ut i frå si forståing. I første rekke viser Thomas til det me kallar sjølvoppfyllande profetiar. Eksempel på dette kan hentast frå arbeidslivet. Dersom ein tek utgangspunkt i at dei tilsette er uduglige, late og upålitelege, vil det være nærliggande å organisere verksomheita slik at dei tilsete ikkje treng å tenkje sjølv, samtidig som ein innfører system for kontrollar og overvaking. Erfaring viser at tilsette som

vert utsette for slike vilkår, mister motivasjon for å gjere ein god jobb, samtidig som dei set sin kreative energi på å lure systemet som er laga for å passa på dei. Dei som i utgangspunktet antok at dei tilsette var late og upålitelege, kan dermed få "rett" (Schiefløe, 2011). Tidlegare i oppgåva nemnte eg utsegn som Baklien (2009) skreiv om i sin rapport. "slik er barnevernet" og "slik er barnehagelærarane". Eg tolkar desse utsegna som teikn på eit negativt verkelegheitsbilde. Ein kan bruke desse utsegna som eit døme på verkelegheitsbilde knytt til samarbeid mellom barnevernet og barnehagen. Barnehagen melder ikkje om sin bekymring for et barn til barneverntenesta, fordi dei tenkjer at barnevernet ikkje gjer noko likevel. Sjølv om dette ikkje stemmer vil tilsette i barnehagen handle som om det stemmer, og melder av den grunn ikkje ifrå. Barnevernet, som er avhengige av bekymringsmeldingar for å kunne gjere noko, får då ikkje gjort noko, når barnehagen ikkje melder ifrå. Ryktet om barnevernet kan altså føre til at barnevernet vert ei dårleg teneste. Det handlar om forventningar, viss du forventar noko, vil det skje. Ein gjer ikkje noko for å hindre at det ein forventar skal skje, og då aukar ein sjansen for at det ein forventar faktisk skjer. Kvifor er kunnskapane om kvarandre som dårlege, og kva skal til for at verkelegheitsbilde dei har av kvarandre, skal verte betre?

Menneske tolkar verkelegheita. Dersom ein skal kunne tolke og forstå eit menneske, eller i denne samanhengen, barnehagen og barnevernet, må ein ha innsyn i desse verkelegheitstolkingane. Gjennom empirisk forskning kan ein få innsikt i prosessane som skapar og held vedlike verkelegheitsbilde. Sjølv om verkelegheitstolkingane er subjektive oppfatningar, tyder ikkje det at alle verkelegheitstolkingar er like gode eller riktige. Dersom ein får betre informasjon og innsikt i samanhengen, kan det gi eit meir rett bilde. Dette opplever me når me som følgje av ny kunnskap ser verkelegheita på ein ny måte (Schiefløe, 2011). Som nemnt tidlegare har barnehagen ei meining om at barnevernet er utilgjengelege og overarbeidde. Dette er fordi dei har høyrte det frå andre og lese litt om det i lokale medium. Ut i frå dette har dei danna seg eit verkelegheitsbilde, og handlar ut i frå dette.

Verkelegheitstolkingar kan være omstridde, ikkje berre på grunn av at menneske ser og oppfattar fenomen og samanhengar ulikt, det kan og være eit spørsmål om makt. I å forvalte ei sanning ligg det innflytelse og makt. Innanfor organisasjonar vert det ofte reagert negativt nokon stiller kritiske spørsmål til sannheitar som alt er etablert (Schiefløe, 2011). Når eg les dette kjenner eg meg att i kva eg opplevde då eg var i praksis i ein barnehage. Dei eldre førskulelærarane fortalte meg om reglar og metodar dei brukte i forhold til å skulle observere utviklinga til eit barn i barnehagen. Då eg som var under utdanning kom med forslag til

betring, og teoriar som eg hadde lært på skulen, så vart det tvert avslått. Eg opplevde barnehagen, eller spesielt dei litt "eldre" tilsette, som lite endringsvillige, og at dei hadde ei holdning som tilsa at "slik har me alltid gjort det, og slik skal me fortsetje å gjere det".

Eg har no presentert mitt teoretiske perspektiv som er verkelegheitsbilde, og vidare vil eg ta for meg ulike tiltak som kan fremje samarbeidet mellom barnevernet og barnehagen, og korleis dette er med på å endre verkelegheitsbilde og auke kunnskapen om kvarandre.

7.0 Tiltak som kan fremje betra samarbeid mellom barnevern og barnehage

Utifrå litteraturstudie eg har gjort har eg kome fram til følgjande tiltak. Eg ser eit behov for ei obligatorisk samarbeidsgruppe mellom barnehagen og barnevernet. Mange av dei tilsette i barnehagane som Backe-Hansen (2009) har intervjuet, ynskjer auka kompetanse med tanke på rettleiing på korleis ein går fram, og tykkjer dei har for lite kompetanse om teikn på at barn er utsett for vold, overgrep eller omsorgssvikt. For at dette tiltaket ikkje skal skli ut, må det komme på plass ei god leiing mellom barnevernet og barnehagen. Det viktigaste eg har komme fram til i mi oppgåve er at barnevernet ikkje kan velje vekk samarbeidet med barnehagen. Eg vil no greie ut om desse tiltaka.

7.1 Samarbeidsgruppe

Det kjem fram av tidlegare forskning at informasjonsutveksling og utvikling av dei tilsette sin samarbeidskompetanse kan være viktige tiltak for å fremje samarbeid (Kinge, 2012). I dag er det utbreidd semje om at menneskelege ressursar er dei viktigaste av alle ressursar i arbeidslivet (Nordhaug, 2007). Ut i frå dette ser eg eit behov for ein stad der barnehagen og barnevernet kan møtast og snakke saman, utveksle erfaringar, og barnehagen kan få litt opplæring dersom dei føler at dei treng det. Eg blir uroa over kva veg synet på barnevernet tek. Det kjem fram av artikkelen til Baklien (2009) at førskulelærarane, på grunn av opplevingar kollegaer har hatt med barnevernet, og på bakgrunn av det dei har høyrte om barnevernet, ikkje kjenner seg som likeverdige partnarar for barnevernet, og av den grunn kjenner seg underlegne og ikkje melder i frå om bekymringar. Tilsette i barnehagen sine kunnskap om barn og samspelet dei har med sine foreldre, er av ein uvurderleg tyding når barnevernet skal setje inn rett hjelp til barn som treng det. Dei kan og har ei avgjerande tyding for at barnevernet sitt arbeid for å hjelpe barna hender på riktig måte (Lilleberg og Rieber-Mohn, 2010). Barnehagen er og avhengige av barnevernet for å kunne gjere gode vurderingar

angående ei bekymring for eit barn. "Gråsonesaker", som vil seie saker der barnehagen ikkje er sikre på om bekymringa er alvorleg nok, vil by på problem, særleg dersom ein ikkje kan få hjelp til å avklare kor alvorleg bekymringa vil vere. Slike saker og vurderingar er det vanskeleg å sitje med åleine, og ein er avhengig av ein fagleg diskusjon med ulik kompetanse for å kunne ta ei god avgjerd (Bache-Hansen, 2009). For at barnehagen skal bli betre på å gi barnevernet informasjon om barna i barnehagen og foreldra, samt at barnevernet kan være til hjelp i "gråsonesaker", må barneverntenesta verte meir synleg, og komme meir på bana med både rettleiing og informasjon. For at barnevernet skal kunne forvente betre meldingar frå barnehagane må dei sjølve gjere ein innsats. Eit viktig tiltak for å få dette til, vil være at barnehagen og barnevernet må verte bevisste på kva som er barnehagen si oppgåve, og kva som er barnevernet si oppgåve (Kinge, 2012).

Ei samarbeidsgruppe med obligatorisk oppmøte, ein stad der personalet i barnehagen kan drøfte saker med barnevernet, anonymt, og barnevernet kan komme med informasjon og drive opplæring med barnehagen, er naudsyn for at dei skal kunne bli bevisste på dei ulike ressursane og at den mangfaldige kunnskapen skal komme tilnytte. Tverrfagleg samarbeid rundt barn og unge sitt oppvekstmiljø er spesielt viktig, då det krev ei heilskapleg planlegging og innsats frå fleire aktørar. Ved at ein innfører slike faste møte aukar ein kjennskapen til kvarandre ved at barnehagen får et ansikt og ein kjennskap til tilsette i barnevernet og barnevernet får moglegheit til å få ei total oversikt over kva barnehagen tykkjer er problematisk og vanskeleg.

LMR, Leiing av menneskelege ressursar, er barnevernet og barnehagen sitt samla arbeid med å planleggje, utvikle og bruke menneskelege ressursar for produktive formål, i den hensikt å fremje sine overordna mål, som vil være å hjelpe barn som treng det (Nordhaug, 2007). Det vil seie at dersom barnevernet og barnehagen samarbeidar på lik linje, og gjer seg nytte av kvarandre sin kunnskap, kan ein danne ei felles målsetjing, og det kan vere med på å endre verkelegheitsbilde førskulelærarane har av at dei ikkje er likeverdige partar ovanfor barnevernet. Det vil og være med på å betre kjennskapen dei har til kvarandre, då barnehagen i slike grupper får moglegheit og tid til å forklare kva deira opplevingar med barnevernet er, og korleis dei har inntrykk av at barnevernet jobbar. Barnevernet på si side kan gi barnehagen ei innføring i korleis barneveret er oppbygd, og legge vekt på at dei er avhengige av bekymringsmeldingar, frå blant anna barnehagen, for at dei skal kunne gjere jobben sin. I slike samarbeidsgrupper kan barnehagen og drøfte kjenslemessige belasta saker. Slike saker kan vere vanskelege for barnehagen å handtere åleine, og det er vanskeleg å vere sikre på om

dei har teke rett avgjerd. Når barnehagen står ovanfor slike saker kan tverrfagleg samarbeid vere ei støtte for dei. I slike saker kan ein ofte få kjenslemessige reaksjonar som kan vere med på å forvrengje det me ser, og av den grunn feil vurdere saka. Dersom me får fleire til å bidra til ei heilheits vurdering, vil ein kunne korrigere for slike feilkjelder (Galvin og Erdal, 2013). Faste møter gjer til at det vert ein meir samhandlande kultur mellom barnehagen og barnevernet. Den samhandlande kulturen vil igjen føre til ei større forsting og auka kunnskap om kvarandre sin yrkespraksis, og som eit resultat av det, eit endra verkelegheitsbilde som er meir felles.

For å få til eit slikt type samarbeid og felles verkelegheitsbilde, må ein ha eit felles mål og noko lunde lik kunnskap. For at barnehagen og barnevernet skal kunne danne seg felles mål, må ein ha ei klar og tydeleg leiing og klare retningslinjer og rolle avklaring. Dette vil eg ta for meg vidare i oppgåva.

7.2 Leiing og fast kontaktperson

Moe og Valstad (2014) definerar leiing som eit målformulerande, problemløysande og språkskapande samspel mellom menneske. Dei peikar på tre grunnleggande dimensjonar av leiing: mål, problemløysing og språkskaping. Dette tilseier at leiaren, som eg meiner skal vere ein som er tilsett i barnevernet, utøvar leiaråttferd når vedkommande saman med dei tilsette i barnehagen formulerar mål og løyser dei problema som er forbunde med å nå desse måla. Samtidig må barnevernet og barnehagen verte einige om eit felles språk, det vil seie ein måte å prate om måla og problema på, som gjer det mogleg å løyse leiaroppgåvene saman. Eg forstår dette som at det treng å komme på plass ei klar og tydeleg leiing, altså ein leiar, mellom barnevernet og barnehagen. Ein som har ansvaret for å kalle inn til møter, ha ordstyringa på møta og styrer kva som skal takast opp og jobbast med. Det vil seie ein koordinator som har ansvaret for å sjå til at samarbeidet verkar etter hensikta, og som ser til at målsettingane blir følgt opp i praksis. Denne leiaren meiner eg og skal vere ein fast kontakt person for barnehagen. Dersom barnehage har ein fast kontakt person hjå barneverntenesta, vil terskelen for å ta kontakt og diskutere denne type saker, verte lågare. Dette kan igjen føre til at barnevernet kan mota ei bekymring og hjelpe dette barnet, på ein måte barnehagen ikkje kan. Barnevernet kan og saman med barnehagen komme fram til at det er ei sak som kan løysast på eit lågare nivå, med litt tilrettelegging av barnehagen, og informasjon til foreldre. Dette understrekar viktigheita av kompetente samtalepartnarar hjå barneverntenesta, og kompetanse hjå barnehagen på den andre sida (Backe-Hansen, 2009).

Blant leiarar er det blitt meir vanleg å uttale at "våre tilsette er våre mest verdifulle aktiva" (Nordhaug, 2007). Det vil seie at tilsette i barnehagen, som ser barna kvar dag, er barnevernet sine viktigaste opplysningsorgan og samarbeidspartnarar, og det vert sagt at ein må lytte til barnehagen og bruke deira kompetanse. Men det er ikkje alltid det blir følgt opp i praksis. For å følge opp dette krev det at tilsette i barnevernet har både vilje og evne til å prioritere og arbeide grundig og systematisk med barnehagen. Dette kan være ei utfordring for enkelte barnevern, då dei har stort tidspress på seg, fleire saker enn anbefalt og andre faktorar som spelar inn. Anten det er ei stor interkommunal barnevernteneste eller ei barnevernteneste i ein liten kommune, kan det være hensiktsmessig å ha ein fast kontaktperson frå barneverntenesta, som barnehagen forhold seg til. Dette både fordi det blir lettare for saksbehandlar i barneverntenesta å vite kva møter og samtalar som vert gjennomført med barnehagen, samt lettare å utføre når ein har ei klar og tydleg oppgåve. For å sikre at denne oppgåva vert følgt, meiner eg at ansvaret for samarbeidet mellom barnevernet og barnehagen, og eventuelt andre som skule og PPT, må forankrast i stillingsinstruksen til ein av dei tilsette i barnevernet. Leiar for samarbeidet mellom barnevern og barnehage, treng ikkje å være den same som er leiar for barneverntenesta. Med ein fast person vil det verte lettare for barnehagen, då det vil være meir praktisk å kunne henvende seg til ein fast kontaktperson hjå barneverntenesta, og ikkje ha mange ulike personar. Dette gjeld både når det er snakk om ei konkret sak, eller å drøfte ei sak anonymt (Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, 2009). Moe og Valstad (2014) seier noko om det same. Barnevernet har i stor grad medarbeidarar som er gjort myndige og som har eit stort engasjement og ein sterk lojalitet til eigen teneste og arbeidet for utsette barn og unge. Det vil seie at barnevernet har samarbeidspartnarar som på lik linje med dei har viktige arbeidsoppgåver og barnevernet er på ingen måte ein sjef, eller ein overordna organisasjon over barnehagen. Barnevernet har, om dei brukar tid på dei, svært gode samarbeidspartnarar og det er her eg meiner nøkkelen til å mot ta gode bekymringsmeldingar ligg.

I ei barnevern undersøking kan effektiviteten aukast og kvaliteten sikrast ved at fleire jobbar saman. Å prioritere mellom akuttsaker eller pressande saker framfor andre barnevern saker eller tverrfagleg samarbeid, er ei sentral leiaroppgåve. Sjølv om ressursane som blir brukt på personalet blir betrakteleg styrka, vil det være vanskeleg å løyse alle oppgåvene. Av den grunn må alltid debatten om barnevernet sin mandat og prioriteringar alltid setjast om til leing i praksis (Moe og Valstad, 2014). Eg meiner at fokus på tverrfagleg samarbeid mellom barnevern og barnehage ikkje kan veljast vekk. Dersom barnevernet er tvungen til å gjere

prioriteringar grunna økonomi, tidspress eller liknande, er det ikkje eit alternativ å velje vekk samarbeid med barnehagen. Ved at det står i stillingsinstruksen til ein av dei tilsette i barnevernet, vil det være ei forsikring som tilseier at tverrfagleg samarbeid vært gjennomført. Grunnen til at eg meiner det er så viktig, er fordi barnehagen er ein av barnevernet sine viktigaste samarbeidspartnarar, og den beste meldaren for å kunne oppfylle ønsket om målet tidleg intervensjon. Dette er med på å danna eit felles verkelegheitsbilde av barnevernet hjå barnehage, ved at dei opplever at barnevernet tek samarbeidet med dei på alvor. Dei får bekrefta at dei er viktige for barnevernet og at samarbeidet med dei ikkje berre er når det er tid til overs. Verkelegheitsbilde til barnehagen av at det ikkje nyttar å melde til barnevernet, då dei alt har for mange saker og at dei er utilgjengelege, vil verte endra då dei opplever at sjølv om det er mykje å gjere for barnevernet, så er barnehagen framleis viktig og i prioriteringane til barnevernet. Det er alltid barn sin omsorgssituasjon som kjem fyrst! Dette kan føre til at meldingspraksisen til barnehagen vert betre, og at det er meir kvalitet på meldingane.

Tiltaka eg har teke for meg, er tiltak som gjer at barnevernet er meir fysisk synlege for dei tilsette i barnehagane. Eg opplever at mesteparten av befolkninga ser på barnevernet som ei anonym teneste, som er svært alvorleg å kontakte. Baklien (2009) si forskning understreka mi oppfatning. Sjølv om barnehagetilsette og lærarar er potensielle samarbeidspartnarar, har dei ei oppfatning av barnevernet som kanskje ikkje skil seg så mykje frå den me finn hjå resten av befolkninga. Barnevernet må verte meir synlege, og jobbe for å skape mindre avstand til samarbeidspartnarar og befolkninga. Eg meiner barnevernet må være flinkare til å setje seg utvilingsmål. Det vil seie endringar av drift som barnevernet sjølv finn ut at er rette ut i frå strategiske analysar. Dette er endringar som ikkje er pålagt utanfrå, men som likevel vil være fornuftig å gjennomføre med eit langsiktig perspektiv. Døme på slike utviklingsmål kan komme frå statlege føringar om kompetanseutvikling i barnevernet, som tilseier at i framtida vil barnevernet komme til å jobbe tettare med andre hjelpetenester for barn og ungdom. Dette gjer at ein alt i dag må trene på slike samarbeid. Samhandlingsreforma som vart sett i verk 1. Januar 2012, skal no implementerast i heile landet. Då er det lite heldig om leiarane innan barnevern sektoren ut i frå ei forståing om at dette berre er ei oppgåve for helsesektoren, ikkje deltek i utviklingsarbeidet. Det kan føre til at spesialhelsetenesta sitt perspektiv og behov vert dominerande i strukturane og arbeidsformene som vert utvikla, og at barneverntenesta sitt samarbeid med PPT, BUP, barnehagar og skulesektor ikkje får tilstrekkeleg søkjelys. (Moe og Valstad, 2014).

8.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg sett på korleis eit synlege barnevern i barnehagane har tyding for meldingspraksisen. Det kjem klart fram frå tidlegare forskning at den manglande kunnskapen barnehagen har om barnevernet er med på å svekkje deira bekymringsmeldingar til barnevernet. Eg ynskjer at barnehagen skal verte betre å melde i frå om si bekymring for eit barn til barneverntenesta. Grunn til dette er at barnehagen er ein av dei instansane som møter barna tidlegast, og ser dei kvar dag. Ved å forbetre meldingspraksisen kan ein få til tidleg intervensjon, og gi betre hjelp.

Både barnevernet og barnehagen har for lite kunnskap om kvarandre. Dei arbeidar mykje kvar for seg, i staden for å tenkje at ein kan ha nytte av kvarandre, og dele sine erfaringar og kunnskap. Barnehagen har sitt bilde av barnevernet, og motsatt. I denne oppgåva har eg komme fram til at ein lyt auke det tverrfaglege samarbeidet mellom barnevernet og barnehagen, og prøve danne eit felles verkelegheitsbilde av tenestene. Ved at barnehagen og barnevernet har faste, obligatoriske samarbeidsgrupper vil dei kunne dele sine erfaringar og dei har begge moglegheit til å auke kunnskapen om kvarandre, og på den måten påverke verkelegheitsbilde til kvarandre. Eit av mine viktigaste funn er at ansvaret for samarbeidet med barnehagen bør forankrast i stillingsinstuksen til ein av dei tilette i barnevernet, slik at ein ikkje kan nedprioritere dette når dei er under press. Dersom samarbeidet er frivillig er det lett å velje det vekk. Barnehagen får då rett i sitt tidlegare verkelegheitsbilde om at barnevernet har for mykje å gjere og er utilgjengelege, og det vert ein sjølvoppfyllande profeti. Den frå barnevernet som har ansvaret for samarbeidet i sin stillingsinstruks er leiar og ein naturleg fast kontaktperson for barnehagen.

Noko eg ikkje har skreve om i mi oppgåve, men som hadde vore interessant å forska på, er om det å setje inn meir undervisning om barnevernet på barnehagelærer linja kan vere med på å auke kunnskapane barnehagelærarane har om barnevernet. Kva er barnevernet, korleis jobbar dei og kva oppgåver har dei? Og kva plikter har barnehagen ovanfor barnevernet? I eit vidare perspektiv hadde det vore interessant å sjå meir på samarbeidet mellom alle tenestene som er samarbeidspartnara til barnevernet. Kva skal til for å danne eit godt tverrfagleg samarbeid mellom skule, PPT, barnehage, helsestasjon, BUP og barnevernet? Samt tenestene som eventuelt foreldre til barn er under, t.d. voksen psykiatrien og rusavendingsklinikk. Kan det å få meir undervisning generelt ut til folket være med på å "ufarleggjere" barnevernet?

Litteraturliste

- Backe-Hansen, E. (2009) *Å sende en bekymringsmelding – eller la det være?* Oslo: NOVA notat nr 06/09
- Baklien, B. (2009). *Skole, barnehage, barnevernteneste, - bilder av "de andre" hindrer samarbeid.* Norges barnevern, Nr. 4, Vol 86, S. 236 - 245. Universitetsforlaget.
- Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. (2009). *Til barnets beste - samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten.* 12:2009. Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.
- Eriksen, E. og Germeten, S. (2012). *Barnevern i barnehage og skole. Møte mellom barn, foreldre og profesjoner.* Oslo. Cappelen Damm
- Galvin, K og Erdal, B. (2013). *Tverrfaglig samarbeid i praksis, Til beste for barn og unge i Kommune-Norge.* Oslo: Kommuneforlaget.
- Kinge, E. (2012). *Tverretattlig samarbeid omkring barn, En kilde til styrke og håp?* Oslo: Gyldendal akademiske.
- Kvello, Ø. og Moe, T (red.).(2014). *Barnevernledelse.* Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Lilleberg, E. og Rieber-Mohn, T. (2011). *Når barns atferd gjør deg bekymret: Samarbeid med barnevernet til barnets beste.* Oslo: PEDLEX norsk skoleinformasjon.
- Lovdata.no. (1992) Lov om barneverntjenester, <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova>
- Lovdata.no. (2005) Lov om barnehager, <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova>
- Nordhaug, O.(2007). *LMR. Ledelse av Menneskelige Ressurser, Målrettet personal og kompetanseledelse.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Schiefloe, P.M.(2011). *Mennesker og samfunn, innføring i sosiologisk forståelse.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Statistisk sentralbyrå. <http://ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager> fredag 16.05.14 kl. 09.36

Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage *Korleis har eit synleg barnevern i barnehagen tyding for meldingspraksisen?* dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

217 Marie Bukholm

JA

NEI